


Protokollar

2009

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR torsdag 24.06.10 på Miljøstasjonen.
Møtet tok til kl. 16.00. Møtet slutta kl. 17.30

Desse møtte:

Arnfinn Dahl (leiar), Nils Trovåg, Jostein O. Mo, Astrid Gjersdal, Signe Turid Barstad og Wenche Volle. Anne Britt Aambø Halleråker og Per Kåre Nesset møtte ikkje.

Ivar Aarskog møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen.
Arnfinn Dahl leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Wenche Volle og Nils Trovåg vart valt til å skrive under møteboka.
Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Repsak 01-10. Styrets årsmelding og rekneskap 2009

Vedtak (6 røysteføre)

Representantskapen godkjenner årsmelding og rekneskap for 2009 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke .

Rep.sak: Sak 02-10 Økonomiplan 2011-2014

Vedtak (6 røysteføre)

Representantskapen vedtek slik økonomiplan for VØR for perioden 2011 – 2014.

Tiltak	Gebyreffekt		Investering
	Eks mva	Inkl mva	
a) Utskifting av papirdunkar til 240 l behaldarar for å få plass til plastsekk	Kr 150,-	187,50	Kr 3.000.000,- (stipulert tal)
b) Kjøp og utlevering av plastsekk til alle abonnement i 2011	Kr 50,-	Kr 62,50	Årleg kostnadsauke kr 400.000,-
c) Utskifting av renovasjonsbil 2011.	Kr 20,-	Kr 25,-	Kr 2.000.000,-
d) Grunnkjøp for å sikre areal til omlasting av avfall og handsaming av hageavfall i 2011.	Kr 29,-	Kr 36,25	Kr 4.000.000,- (Stipulert tal)
e) Utskifting av to renovasjonsbilar 2012.	Kr 40,-	Kr 50,-	Kr 4.000.000,-
f) Opparbeiding av omlastings-stasjon for våtorganisk avfall / hageavfall i 2013	Kr 100,-	Kr 125,-	Kr 7.000.000,-

Handsaminga:

Samrøystes vedteke .

REP.SAK 03-10. ORIENTERING OM VØR PR JUNI 2010.

Dagleg leiar orienterte.

Rett utskrift 24.06.10



Arnfinn Dahl
Leiar

Nils Trovåg

Wenche Volle



Petter Bjørdal
referent



Wenche Volle

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR torsdag 22.10.09 på Miljøstasjonen.
Møtet tok til kl. 16.30. Møtet slutta kl. 17.45

Desse møtte:

Arnfinn Dahl (leiar), Per Kåre Nesset, Kjell Tore Aarstad, Nils Trovåg, Jostein O. Mo, Wenche Volle og Signe Turid Barstad

Anne Britt Aambø Halleråker, og Astrid Gjersdal melde avbod. Vara for Halleråker, Reidun Heimen Heltne hadde ikkje høve til å møte. Kjell Tore Aarstad møtte for Astrid Gjersdal.

Ivar Aarskog møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen. Arnfinn Dahl leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Per Kåre Nesset og Signe Turid Barstad vart valt til å skrive under møteboka.
Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

R.SAK 08-09. BUDSJETT 2010 - VØR

Vedtak 7 røysteføre:

Representantskapen vedtek å rå kommunestyra i Volda og Ørsta å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 21 juni 1996, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2010.

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:	Eks mva	Inkl mva
a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L	kr 1550,00	kr 1937,50
b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L	kr 1900,00	kr 2375,00
c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L	kr 3385,00	kr 4231,25
d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L	kr 1400,00	kr 1750,00
e) Samarbeid inntil 2 abonnentar, Henting annakvar veke 140L; pr abonnent	kr 1500,00	kr 1875,00
f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, Henting kvar veke 140L; pr abonnent	kr 1700,00	kr 2125,00
g) Samarbeid 240L eller større, Henting kvar veke inntil 140L; pr abonnent	kr 1800,00	kr 2250,00
h) Renovasjon hytte / fritidshus	kr 635,00	kr 793,75
i) Renovasjon hyblar	kr 950,00	kr 1187,50
j) Henteavtale kvar veke	kr 410,00	kr 512,50
k) Henteavtale kvar 14 dag	kr 255,00	kr 318,75
1.2. Pris pr kolli sekk:	kr 40,00	kr 50,00

1.3 SLAM

HEILÅRSBUSTAD.

	Eks mva	Inkl mva
a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3 heilårsbustad	kr 798,00	kr 997,50
b) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 1264,00	kr 1580,00
c) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 1884,00	kr 2355,00
d) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3	kr 1595,00	kr 1993,75
e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3	kr 360,00	kr 450,00
f) Gebyr pr m3 fellestankar > 10 m3	kr 302,00	kr 377,50

FRITIDSBUSTAD

g) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3	kr 399,00	kr 498,75
h) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 632,00	kr 790,00
i) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 942,00	kr 1177,50
j) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3	kr 1595,00	kr 1993,75
k) Gebyr pr m3 over 4,5	kr 360,00	kr 450,00

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

Handsaminga:

Samrøystes i tråd med tilrådinga frå styret.

REP.SAK 09-09. ORIENTERING OM VØR PR OKTOBER 2009.


Dagleg leiar orienterte.

Rett utskrift 22.10.09


Arnfinn Dahl
Leiar


Signe Turid Barstad


Per Kåre Nesset


Petter Bjørdal
referent

MØTEBOK FOR REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR mandag 09.02.09 på Miljøstasjonen.
Møtet tok til kl. 16.30. Møtet slutta kl. 18.00

Desse møtte:

Arnfinn Dahl (leiar), Per Kåre Nesset, Signe Turid Barstad, Nils Trovåg, Jostein O. Mo,
Wenche Volle Anne Britt Aambø Halleråker

Astrid Gjersdal møtte ikkje.

Ivar Aarskog møtte på vegne av styret. Petter Bjørdal møtte på vegne av administrasjonen.
Arnfinn Dahl leia møtet.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjende.

Administrasjonen la fram melding om vedtak i sak 70/08 frå Ørsta Kommunestyre som referatsak.

Nils Trovåg og Signe T. Barstad vart valt til å skrive under møteboka. Adm la fram vedtak frå Ørsta Kommunestyre vedk. avfallsgebyr.

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

REP.SAK NR 01-09: OPPATTBYGGING AV MILJØSTASJON

Vedtak(7 røysteføre)

- 1a. Representantskapen vedtek å bygge opp att Miljøstasjonen som stålbygg og med plan og fasadeløysing som synt i skisseprosjekt frå AG Plan og arkitektur.
- b. Tiltaket vert å finansiere med erstatningsutbetaling frå IF og lån stort kr 8,3 mill kr
- c. Rep.skapen ber administrasjonen om at arbeidet med prosjektering vert starta opp snarast, og ber dagleg leiar om å engasjere arkitekt / rådgivande bygningskonsulent.

Handsaminga.

Det vart bedt om punktvis røysting. Punkt 1a. Vedteke med 6 mot 1 røyst (Nesset) Punkt 1b var samrøystes. Punkt 1 c.vedteke med 6 mot 1 røyst (Nesset).

REP.SAK NR 02-09: Orientering om drøftingane med SSR om mogleg samanslåing av dei to selskapa.

Handsaminga.

Ivar Aarskog og Petter Bjørdal orienterte. Saka var ei orienteringssak, og gav ikkje høve til vedtak.

REP.SAK NR 03-09: Orientering om VØR pr 01.02.09.

Handsaminga.

Dagleg leiar orienterte. Saka var ei orienteringssak, og gav ikkje høve til vedtak.

REP.SAK: 04-09 REVISJON AV 2008 REKNESKAPEN


Vedtak(7 røysteføre)

Representantskapen vedtek med visning til rep.sak 04-07 å utsette sak om felles revisor og konsernrekneskap for VØR og RSS frå og med rekneskapsåret 2008, til spørsmålet om samanslåing med SSR er avklara.


Handsaminga.

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 09.02.08



Arnfinn Dahl
Leiar



Signe Turid Barstad

Nils Trovåg



Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR fredag 04.06.10 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 11.00

Møtet slutta kl. 11.10

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Aase Margrete Leite

Ann Britt Våge Fannemel

Roald Espset

Odd Martin Svensli (tilsettere representant)

Roald Espset møtte for Idar Flo, som melde avbod. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Ivar Aarskog leia møtet. Det var ingen merknader til innkalling. Saklista vart godkjend med sak 10-10 som einaste sak.

Sakliste:

Sak 10-10. Styrets årsmelding og rekneskap 2009

Vedtak (4 røysteføre)

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen godkjenner årsmelding og rekneskap for 2009 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke .



Ivar Aarskog
Styreleiar



Aase Margrete Leite




Ann Britt Våge Fannemel



Roald Espset

Odd Martin Svensli



Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 16.12.09 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 19.00

Møtet slutta kl. 21.45

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Aase Margrete Leite

Idar Flo

Magnar Lid

Arnfinn Dahl

Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Ivar Aarskog leia møtet. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste som omfatta sakene 25-09 til og med 31-09. Sakene 29-09, 30-09 og 31-09 vart lagde fram på møtet. Sak 29-09 vart handsama sist i møtet.

SAKLISTE:

Sak 25-09. Godkjenning av protokoll frå siste styremøte.

Vedtak (5 røysteføre):

Styret godkjenner protokoll frå møte 22.10.09 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes godkjent.

Sak 26-09 Høyringsuttale til Klimaplan for Volda Kommune frå VØR.

Vedtak (5 røysteføre):

Styret i VØR viser til klimaplanen for Volda Kommune og har følgjande uttale:

Styret oppfattar det som går fram av planen vedk. VØR sine oppgåver som mynde som ligg til representantskap og styret i VØR.

Styret syner elles til saksutgreiinga i sak 26-09 og seier seg samde i det som går fram av denne.

Handsaminga.

Aase Margrete Leite fremja slikt alternativt framlegg .

Styret i VØR viser til klimaplanen for Volda Kommune og har følgjande uttale:

Styret oppfattar det som går fram av planen vedk. VØR sine oppgåver som mynde som ligg til representantskap og styret i VØR.

Styret syner elles til saksutgreiinga i sak 26-09 og seier seg samde i det som går fram av denne.

Forslaget til Leite vart vedteke med fire mot 1 røyst. Magnar Lid stemde for administrasjonen sitt framlegg.

Adm. Sitt forslag til vedtak: Styret har merknader til klimaplanen for Volda Kommune i tråd med saksutgreiinga.

Styret gjorde også slike endringar i saksframstillinga, då den er ein del av vedtaket:

Side 3 fjerde avsnitt endrast frå .. då kan kjenne seg umyndiggjorde. Tilblir umyndiggjorde.

Side 4 første avsnitt endrast frå ... vere i motsetnad til... til stride mot...

Side 4 avsnitt 2: Endre frå ...alt vedteke i VØR sitt budsjett... til alt vedteke i VØR sitt styre og rep.skap og innarbeida i VØR sitt budsjett for 2010.

Side 5 avsnitt 5. Legg inn totalsum.

Side 5 avsnitt 7. første avsnitt tilleggstekst... som skal ta seg av næringsavfallet.

Sak: 27-09. Aksjeutviding Retura Noreg AS

Styret vedtek å delta i aksjeutviding i Retura Noreg AS med 10 aksjar. Totalt kr 22.000,-
Dekning aksjeutbytte Retura Søre Sunnmøre AS i 2008.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak: 28-09. Status informasjonsarbeid 2009.

Vedtak (5 røysteføre):

1. Styret tar orienteringa til vitande
2. Styret vil gjennomføre ein konkurranse mellom Ørsta og Volda der den kommunen som klarer prosentvis størst reduksjon i levert avfallsmengde, vinn. Samstundes køyrast ei informasjonskampanje i lokalavisene.

Handsaminga.

Punkt 1 samrøystes vedteke. Punkt 2 vedteke med tre mot to røyster. (Magnar Lid, Ivar Aarskog)

Dagleg leiar orienterte om arbeidet som er gjort vedkomande informasjonsarbeid i VØR. Idar Flo fremja nytt punkt to i saka:

Styret vil gjennomføre ein konkurranse mellom Ørsta og Volda der den kommunen som klarer prosentvis størst reduksjon i levert avfallsmengde, vinn. Samstundes køyrast ei informasjonskampanje i lokalavisene.

Sak 29-09. Godkjenning lønsforhandlingar dagleg leiar.

Vedtak (5 røysteføre.)

Styret tek lønsforhandlingane med dagleg leiar til vitande. Løna er i samsvar med tilsettingsavtale.

Handsaminga.

Dagleg leiar gjekk frå under handsaming av denne saka.

Sak 30-09. Endringar, bygging av ny miljøstasjon.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret gir styreleiar og dagleg leiar fullmakt til å vurdere og handtere endringsmeldingar i byggeprosjektet ny miljøstasjon.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

Sak 31-09. Referatsaker.

- Prosjektoppssummering lokal klimaplanlegging HVO.

Rett utskrift 17.12.09




Ivar Aaskog
Styreleiar



Ann Britt Våge Fannemel



Aase Margrete Leite



Idar Flo



Magnar Lid



Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR torsdag 08.10.09 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 16.40

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Aase Margrete Leite

Idar Flo

Odd Martin Svensli

Arnfinn Dahl

Odd Martin Svensli møtte som vara for Magnar Lid. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Ivar Aarskog leia møtet. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste som omfatta sakene 20-09 til og med 24-09.

SAKLISTE:

Sak 20-09. Godkjenning av protokoll frå siste styremøte.

Vedtak (5 røysteføre):

Styret godkjenner protokoll frå møte 04.08.09 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes godkjent. Dagleg leiar vert beden om å sende over sak 19-09 til Volda Kommune til orientering.

SAK: 21-09. Rekneskapan pr 30.08.09 – Melding til styret.

Vedtak (5 røysteføre):

Styret tar rekneskapsrapporten til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Sak 22 - 09 Budsjett 2010- VØR.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapan til å gjere slikt vedtak:

Representantskapan vedtek å rå kommunestyra i Volda og Ørsta å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret vedtek i medhald av lov av 21 juni 1996, nr 6 om vern mot forureining og avfall, slike satsar for avfallsgebyr for 2010.

1.1 Hushaldningsgebyr pr abonnent:

a) Småhushald. Henting annakvar veke 140 L

b) Standardhushald Henting kvar veke 140 L

Eks mva

kr 1550,00

kr 1900,00

Inkl mva

kr 1937,50

kr 2375,00

c) Storhushald. Henting kvar veke 240 L	kr 3385,00	kr 4231,25
d) Standardhushald med kompostering Henting annakvar veke 140 L	kr 1400,00	kr 1750,00
e) Samarbeid inntil 2 abonnentar, Henting annakvar veke 140L; pr abonnent	kr 1500,00	kr 1875,00
f) Samarbeid inntil 2 abonnentar, Henting kvar veke 140L; pr abonnent	kr 1700,00	kr 2125,00
g) Samarbeid 240L eller større, Henting kvar veke inntil 140L; pr abonnent	kr 1800,00	kr 2250,00
h) Renovasjon hytte / fritidshus	kr 635,00	kr 793,75
i) Renovasjon hyblar	kr 950,00	kr 1187,50
j) Henteavtale kvar veke	kr 410,00	kr 512,50
k) Henteavtale kvar 14 dag	kr 255,00	kr 318,75
 1.2. Pris pr kolli sekk:	 kr 40,00	 kr 50,00
 1.3 SLAM		
HEILÅRSBUSTAD.	Eks mva	Inkl mva
a) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3 heilårsbustad	kr 798,00	kr 997,50
b) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 1264,00	kr 1580,00
c) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 1884,00	kr 2355,00
d) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3	kr 1595,00	kr 1993,75
e) Gebyr pr m3 over 4,5 m3	kr 360,00	kr 450,00
f) Gebyr pr m3 fellestankar > 10 m3	kr 302,00	kr 377,50
 FRITIDSBUSTAD		
g) Gebyr pr tank inntil 4,5 m3	kr 399,00	kr 498,75
h) Gebyr for to husvære m. tank intil 7 m3	kr 632,00	kr 790,00
i) Gebyr for 3 husstandar m. tank intil 10 m3	kr 942,00	kr 1177,50
j) Gebyr for årleg tømning av tank intil 4,5 m3	kr 1595,00	kr 1993,75
k) Gebyr pr m3 over 4,5	kr 360,00	kr 450,00

Slammet skal tømast annakvart år for heilårsbustad og kvart fjerde år for fritidsbustad.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 23-09. Referatsaker 08.10.09.

Vedtak (5 røysteføre):

Styret tar sakene til orientering.

Handsaminga:

Disse sakene vart lagt fram:

Brev fra Brønnøysundregistra – godkjenning av rekneskapen 2008.

Kostnadsoverslag utvikling av tomt Bnr 28 fra Ose Ingeniørkontor

Særutskrift sak 19-09. Kommentarer til klimaplanen

Brev fra Ulf Johnsen – MNA. Felles sorteringslegg for papir i Skogn.

SAK: 24-09. Julebord – julegave til tilsette 2009.

Vedtak (5 røysteføre):

Styret vedtek å arrangere julebord for tilsette og styre m. følge på Hotell Ivar Aasen før jul.
Alle tilsette får eit gåvekort stort kr 800,- som julegåve frå styret.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.


Rett utskrift 08.10.09



Ivar Aaskog
Styreleiar



Ann Britt Våge Fannemel



Aase Margrete Leite



Idar Flo

Odd Martin Svendsli



Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde telefonmøte i styret i VØR tirsdag 04.08.09.

Møtet tok til kl. 15.00

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Aase Margrete Leite

Idar Flo

Odd Martin Svensli

Dette var eit telefonmøte med ei sak på saklista. Møtet var arrangert av styreleiar for å kunne nå høyringsfristen som var sett for den kommunale klimaplanen i Ørsta.

Frå administrasjonen førte Petter Bjørdal møteboka. Ivar Aarskog leia møtet.

SAKLISTE:

Sak 19-09 Høyringsuttale til Klimaplan for Ørsta Kommune frå VØR.


Vedtak:

Styret har merknader til klimaplanen for Ørsta Kommune i tråd med saksutgreiinga.

Handsaminga:

Samrøystes i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 04.08.09



Ivar Aaskog
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel


Aase Margrete Leite


Idar Flo


Odd Martin Svendsli


Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR onsdag 28.05.09 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 15.00

Møtet slutta kl. 20.00

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Aase Margrete Leite

Idar Flo

Odd Martin Svensli

Arnfinn Dahl

Magnar Lid melde avbod. Odd Martin Svensli møtte som vara. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka. Ivar Aarskog leia møtet.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste. Ann Britt Våge Fannemel fekk permisjon kl 17.30 etter at sakene 12, 13, 14, og 16-09 var handsama. Styret handsama sakene 15, 17 og 19-09 til sist i møtet.

SAKLISTE:

Sak 12-09. Godkjenning av protokoll frå siste styremøte.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå møte 15.04.09 slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke med korrigerings av rett saksnr..

Sak nr 13-09: Godkjenning av rekneskapen for 2008.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen godkjenner den framlagde rekneskapen slik den ligg føre.

Representantskapen vedtek å disponere resultatet slik:

Overskot frå hushaldningsrenovasjon stor kr 1.165.397,- vert overført til bunde fond for hushaldningsrenovasjon.

Overskot frå utleige stor kr 559.365,- vert overført til anna eigenkapital.

Overskot slambehandling stort kr 433.944,- vert overført til fond slambehandling.

Overskot brann stort kr 8.301.086,-vert overført fond for reinvestering etter brann

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Dagleg leiar orienterte om følgjenotat frå revisor. Dagleg leiar vert beden om å kontrollere 2007 tala i resultatrekneskapen og notane, slik at dette vert retta opp.

Sak: 14-09. Rekneskapsrapporten pr 30.04.09 – Melding til styret.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret tar rekneskapsrapporten pr 30.04.09 til vitande.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

Styresak 16-09 Økonomiplan 2010-2013

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapen til å vedta slik økonomiplan for VØR for perioden 2010 – 2013.

<i>Tiltak</i>	<i>Effekt på gebyret pr år</i>	<i>Investering</i>
a) Ny Miljøstasjon 2010 med utvida opningstid	Kr 150,-	Kr 12.000.000,-
b) Grunnkjøp for å sikre areal til omlasting av avfall og handsaming av hageavfall i 2010.	Kr 29,-	Kr 4.000.000,- (Stipulert tal)
c) Opparbeiding av omlastings-stasjon for våtorganisk avfall i 2011 / hageavfall	Kr 70,-	Kr 5.000.000,-
d) Utsifting av nokre papirdunkar til 240 l behaldar i 2011	Kr 60,- Kr 25,- av dette er berre år 1.	Kr 1.000.000,-
e) Kjøp og utplassering av tredje avfallsdunken til våtorganisk avfall i 2011	Kr 70,- Kr 25,- av dette er berre år 1.	Kr 1.500.000,-
f) Full drift matavfallinnsamling 2012	Kr 200 / kr 45,-	Kr 3.500.000,- / 2.000.000,-
g) Etablering av ombruksverkstad	Kr 75,-	Kr 5.000.000,-

Handsaminga:

Samrøystes vedteke. Administrasjonen vart beden om å avklare avskrivingsreglane omkring punkt a) før handsaming i representantskapen.

Sak 15-09 Oppattbygging av ny miljøstasjon – innstilling på val av entreprenør.

Vedtak (4 røysteføre):

VØR ynskjer å inngå kontrakt med firmaet Jønsson og Worren Entreprenør AS om oppattbygging av Miljøstasjon, innafor ei ramme på kr 15.390.000,- inkl mva
Eventuell klage på vedtaket vert å sende Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS innan 10.06.09.*Handsaminga.*Tor Egil Meland frå Ose Ingeniørkontor AS og dagleg leiar i VØR orienterte om dei ulike tilboda og vurderingane som låg bak tilrådinga, før drøftinga i styret tok til.
Styret gjorde samrøystes vedtak i tråd med tilrådinga.**Sak nr 17-09 Referatsaker til møte 28.05.09**

Vedtak (4 røysteføre):

Styret tar referatsakene til orientering.

Handsama referatsaker:

- Operasjon duppeditt. Innsamling av småelektriske komponentar
- Klimaplanprosjektet – aktivitetsoversikt
- Høyring av EU's rammedirektiv om avfall
- Mail fra Idar Flo vedk informasjonsarbeid: Administrasjonen lagar ei sak til hausten, der ein får fram korleis dette kan betrast.
- Årsmelding og rekneskap for 2008 for Retura Søre Sunnmøre AS.
- Samarbeid med SSR / TRV
- Samtalar med TCG vedkomande samarbeid om trevirke

Sak 18-09 Kjøp av tilleggsareal


Vedtak (4 røystefore)

Styret vedtek å kjøpe Gnr.b.nr 55/ 28, av Transportsentralen AS for kr 213,80 pr kvm, totalt kr 835.000,- pluss omkostningar.

Handsaminga:

Styret var på synfaring. Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Rett utskrift 28.05.09



Ivar Aaskog
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel


Aase Margrete Leite


Idar Flo


Odd Martin Svendsli


Petter Bjørdal
referent

PROTOKOLL

STYRET FOR VOLDA ØRSTA REINHALDSVERK

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 28.01.09 på Miljøstasjonen.

Møtet tok til kl. 16.00

Møtet slutta kl. 18.00

Desse møtte:

Ivar Aarskog

Ann Britt Våge Fannemel

Aase Margrete Leite

Roald Espset

Magnar Lid

Arnfinn Dahl

Idar Flo melde avbud. Roald Espset møtte som vara for han. Frå administrasjonen møtte Petter Bjørdal, som førte møteboka.

Ivar Aarskog leia møtet. Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

SAKLISTE:

SAK 01-09. GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE STYREMØTE.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner protokoll frå siste møte slik den ligg føre.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke.

SAK 02-09. LEIGEAVTALER MELLOM VØR OG RETURA SØRE SUNNMØRE.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret godkjenner utleigeavtalar med Retura Søre Sunnmøre AS gjeldande frå 01.01.09

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

SAK 03-09 OPPATTBYGGING AV MILJØSTASJON.

Vedtak (5 røysteføre)

Styret gjer vedtak i sak 33-08 om inkje.

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

- 1a. Representantskapen vedtek å bygge opp att Miljøstasjonen som stålbygg og med plan og fasadeløysing som synt i skisseprosjekt frå AG Plan og arkitektur..
- b. Tiltaket vert å finansiere med erstatningsutbetaling frå IF og lån stort kr 8,3 mill kr

- c. Styret ber administrasjonen om at arbeidet med prosjektering vert starta opp snarast, og ber dagleg leiar om å engasjere arkitekt / rådgivande bygningskonsulent.

Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med tilrådinga.

Ann Britt Våge Fannemel bad om å få sin habilitet vurdert i saka, då ho har ein son som eig eit firma som kan vere ein aktuell tilbudsgivar i prosjektet. Aase Margrete Leite fremja framlegg på at Ann Britt Våge Fannemel var habil, og det vart samrøystes godkjent. (4 røysteføre)

Dagleg leiar la fram notat over stipulert framdrift i prosjektet.

SAK: 04-09 REVISJON AV 2008 REKNESKAPEN

Vedtak (5 røysteføre)

Styret rår representantskapen til å gjere slikt vedtak:

Representantskapen vedtek med visning til rep.sak 04-07 å utsette sak om felles revisor og konsernrekneskap for VØR og RSS frå og med rekneskapsåret 2008, til spørsmålet om samanslåing med SSR er avklara.


Handsaminga:

Samrøystes vedteke i tråd med endra tilrådinga frå administrasjonen.

SAK 05-09 ORIENTERING OG DRØFTING VEDKOMANDE FORHANDLINGAR MED SSR OM SAMANSLÅING.

Saka var ei orienteringssak og vart drøfta på bakgrunn av forhandlingsmøte med SSR den 28.01. Dagleg leiar la fram notat vedkomande fordelar med eit felles selskap.

Rett utskrift 28.01.09



Ivar Aaskog
Styreleiar


Ann Britt Våge Fannemel


Aase Margrete Leite

Roald Espset


Magnar Lid


Petter Bjørdal
referent